

Fra: Pettersen Steinar (stp@nve.no)

Sendt: 01.09.2016 12:06:45

Til: Eidfjord kommune; 'Elnan Gunnar'; Jan Nordø; Hordaland Fylkeskommune - Postmottak; 'fmhpostmottak@fylkesmannen.no'; 'Friis, Anniken'; 'firmapost-vest@vegvesen.no'; 'info@statkraft.no'; 'rolf.jenssen@statkraft.no'; 'live.gladheim@nlr.no'; 'Hybertsen, Christian'

Kopi: 'ce-er@online.no'; post@liseth.no; Rognstad Anne Johanne

Emne: Isdøla kraftverk- invitasjon til sluttsynfaring

Vedlegg:

Vår ref: NVE 201200960

Invitasjon til sluttsynfaring - Søknad om bygging av Isdøla kraftverk i Eidfjord kommune

I samband med sluttbehandlinga av søknad om løyve for bygging av Isdøla kraftverk i Eidfjord kommune, blir det gjennomført synfaring mandag 19. september 2016 kl. 13.00.

NVE inviterer partar som har kome med uttale til å vere med på synfaringa. Før synfaringa vil NVE gå gjennom sakshandsamingsprosessen og innkomne fråsegner, og søkjar vil presentere prosjektet og synfaringrute. Høyringspartane vil få anledning til å stille spørsmål og om ønskjeleg utdjupe fråsegnene.

Oppmøte: Liseth pensjonat – skilta frå fylkesveg 7.

Synfaringa vil vare om lag 3 timer. Det blir servert kaffe og litt å bite i etter synfaringa.

Kontaktperson for søkjar er Cato Erichsen, tlf: 900 95 124, e-post: ce-er@online.no

Informasjon til søkjar om gjennomføring av synfaring: Representant for søkjar skal vere godt kjent med prosjektet og tiltaksområdet. Inntak med dam, anleggsveg, vassveg og kraftstasjonsområde skal i naudsynt grad merkast i terrenget i forkant av synfaringa. Søkjar bør ha med kopiar av detaljkartet for prosjektet. NVE ber søkjar informere/invitere eventuelle andre råka grunneigarar.

NVE ber om tilbakemelding på kven (og tal på personar) som kjem på synfaring så snart som mogleg, og seinast innan tysdag 13. september per e-post til stp@nve.no. Det er fint om de òg oppgjer telefonnummer (mobil) ved påmelding, slik at vi kan nå dykk dersom det blir endringar i planen.

NVE har det overordna HMS-ansvaret under synfaringa, men vil presisere at deltakarane deltek på eige ansvar. NVE oppmodar deltakarane å teikne eigen reiseforsikring og til å kle seg etter forholda. Deltakarane må sjølve vurdere om dei er i fysisk stand til å delta på synfaringa.

Er det elles nokre spørsmål er det berre å ta kontakt.

Med vennleg helsing

Steinar Pettersen

seniorrådgiver

Konsesjonsavdelingen

Seksjon for småkraftverk (KSK)

Norges vassdrags- og energidirektorat

Telefon: 09575 eller direkte 22 95 94 03

E-post: nve@nve.no eller direkte stp@nve.no

Web: www.nve.no